



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
202016892-12	20/4648-47 /ELITVE/23/17872	FA-S11, TI-&18	28.06.2023

Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraget

Kommunestyret har i møte 21.06.2023 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 051/23:

Ullensvang kommune gjev uttale som er vedlagt saka. Ullensvang kommune er positive til at det vert gjennomført ein vilkårsrevisjon no, men krev at følgjande tiltak vert iverksett for å kunna stilla seg positiv til revisjonsdokumentet:

1. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg, og må styrkjast.
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.
3. Rassikring av vegen frå Botsvatn og til Skarvabotn.
4. Vedlikehaldsfond Fonnavegen og Botsvatnvegen.
5. Statkraft må bidra til fysisk utvikling av Fonnavegen (www.glacierroad.com), men også marknadsføring. Danna eit vegfond som forvaltast at Statkraft, Ullensvang kommune, og næringsaktørar.
6. Rydding av søppel etter utbygging i Skarvabotn.
7. Utbetring av turstien langs Dravladalsvatnet som har rast igjen.
8. Flaumoverføring Jondalsvassdraget.
9. Nettinfrastruktur til Odda. Kraftlinje frå Mauranger til Odda.
10. Midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.
11. Midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.
12. Utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.
13. Minstevassføring frå Skarvabotnvatnet.
14. Avbøtande tiltak i Jondalselva.
15. Vasstanden i Dravladalsvatnet ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no



16. Bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet

Helsing

Elisabeth P. Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

Ole-Jørgen Jondahl	rådmann
Ole-Jørgen Jondahl	rådmann
Roald Aga Haug	Ordfører
Roald Aga Haug	Ordfører

Vedlegg

Uttale frå Ullensvang kommune til revisjonsdokument for Maurangervassdraget

Møte med Statkraft 24. mars 2023

Brev frå Statkraft etter møtet 24. mars 2023

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Formannskapet	09.06.2023	029/23
Kommunestyret	21.06.2023	051/23

Saksbehandlar:	Arkivsak - dok.nr	20/4648 - 45
Elisabeth P. Tveit	Journalpostnr.	23/12770

Uttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraget

Vedlegg	
02.06.2023	Høring av revisjonsdokument for reguleringar og overføringar overføringer i Maurangervassdraga i Kvinnherad og Ullensvang kommunar
02.06.2023	Revisjon av vilkår for reguleringar i Maurangervassdraga.
02.06.2023	Informasjon om NVE si sakshandsaming ved revisjon av konsesjonsvilkår
02.06.2023	Vilkårsrevisjon Maurangervassdragene – revisjonsdokument
02.06.2023	Møte med Statkraft 24. mars 2023
02.06.2023	Brev frå Statkraft etter møtet 24. mars 2023
02.06.2023	Ullensvang kommunestyret 21.10.2020. Revisjon av konsesjonsvilkår, Maurangervassdraget
02.06.2023	Oppsummering av innspel Maurangervassdraget, Ullensvang kommune
02.06.2023	Innspel 1, Bygdelaget Vikebygdkrinsen og Buførevegens vener
02.06.2023	Innspel 2, Wahl-Larsen Advokatfirma AS på vegne av Botsvatn Grunneigarlag
02.06.2023	Innspel 3, Harald Prestegard
02.06.2023	Innspel 4, Grunneigarar av gård 153 Reisæter
02.06.2023	Innspel 5, Fylkesmannen i Vestland
02.06.2023	Innspel 6, Forum for natur og friluftsliv Hordaland (FNF Hordaland)
02.06.2023	Innspel 7, Folgefonna nasjonalparkstyre
02.06.2023	Uttale frå Ullensvang kommune til revisjonsdokument for Maurangervassdraget

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Tilråding frå rådmann:

Ullensvang kommune gjev uttale som er vedlagt saka. Ullensvang kommune er positive til at det vert gjennomført ein vilkårsrevisjon no, men krev at følgjande tiltak vert iverksett for å kunna stilla seg positiv til revisjonsdokumentet:

1. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg.
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.
3. Rassikring av vegen frå Botsvatn og til Skarvabotn.
4. Vedlikehaldsfond Fonnavegen og Botsvatnvegen.
5. Rydding av søppel etter utbygging i Skarvabotn.
6. Utbetring av turstien langs Dravladalsvatnet som har rast igjen.
7. Flaumoverføring Jondalsvassdraget.
8. Nettinfrastruktur til Odda. Kraftlinje frå Mauranger til Odda.
9. Midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.
10. Midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.
11. Utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.
12. Minstevassføring frå Skarvabotnvatnet.
13. Avbøtande tiltak i Jondalselva.
14. Vasstanden i Dravladalsvatnet ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september.
15. Bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet

09.06.2023 Formannskapet

Behandling

Fellesframlegg, foreslått av Lajla-Margrethe Lindskog-Lund, Senterpartiet

Tillegg til pkt 1:

... og må styrkjast.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen, med tillegg i fellesframlegget, vart samrøystes vedteke.

FS – 029/23 Vedtak

Tilråding:

Ullensvang kommune gjev uttale som er vedlagt saka. Ullensvang kommune er positive til at det vert gjennomført ein vilkårsrevisjon no, men krev at følgjande tiltak vert iverksett for å kunna stilla seg positiv til revisjonsdokumentet:

1. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg, og må styrkjast.

2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.
3. Rassikring av vegen frå Botsvatn og til Skarvabotn.
4. Vedlikehaldsfond Fonnavegen og Botsvatnvegen.
5. Rydding av søppel etter utbygging i Skarvabotn.
6. Utbetring av turstien langs Dravladalsvatnet som har rast igjen.
7. Flaumoverføring Jondalsvassdraget.
8. Nettinfrastruktur til Odda. Kraftlinje frå Mauranger til Odda.
9. Midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.
10. Midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.
11. Utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.
12. Minstevassføring frå Skarvabotnvatnet.
13. Avbøtande tiltak i Jondalselva.
14. Vasstanden i Dravladalsvatnet ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september.
15. Bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet

21.06.2023 Kommunestyret

Behandling

Tillegg til høyringsuttala, foreslått av Roald Aga Haug, Arbeidarpartiet
Statkraft må bidra til fysisk utvikling av Fonnavegen (www.glacierroad.com), men også marknadsføring.

Danna eit vegfond som forvaltast at Statkraft, Ullensvang kommune, og næringsaktørar.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

KST – 051/23 Vedtak

Ullensvang kommune gjev uttale som er vedlagt saka. Ullensvang kommune er positive til at det vert gjennomført ein vilkårsrevisjon no, men krev at følgjande tiltak vert iverksett for å kunna stilla seg positiv til revisjonsdokumentet:

1. Kunnskapsgrunnlaget er for dårleg, og må styrkjast.
2. Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.
3. Rassikring av vegen frå Botsvatn og til Skarvabotn.
4. Vedlikehaldsfond Fonnavegen og Botsvatnvegen.
5. Statkraft må bidra til fysisk utvikling av Fonnavegen (www.glacierroad.com), men også marknadsføring.
Danna eit vegfond som forvaltast at Statkraft, Ullensvang kommune, og næringsaktørar.
6. Rydding av søppel etter utbygging i Skarvabotn.
7. Utbetring av turstien langs Dravladalsvatnet som har rast igjen.
8. Flaumoverføring Jondalsvassdraget.

9. Nettinfrastruktur til Odda. Kraftlinje frå Mauranger til Odda.
10. Midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.
11. Midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.
12. Utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.
13. Minstevassføring frå Skarvabotnvatnet.
14. Avbøtande tiltak i Jondalselva.
15. Vasstanden i Dravladalsvatnet ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september.
16. Bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet

Saksopplysningar:

NVE ber Ullensvang kommune om uttale til Statkraft sitt revisjonsdokument av konsesjonsvilkår for Maurangervassdraget. Fristen for å koma med uttale er 01.07.2023.

Murangervassdraget fekk konsesjon i 1969. Manøvreringsreglementet vart oppdatert og endra i 2012. Konsesjonen gjeld i ubegrensa tid. Etter regelverket for vassdragskonsesjonar kan det no opnast for revisjon av miljøvilkåra til konsesjonen, jf. vassdragsreguleringslova § 8. Det er opp til kommunane å fremja krav ovanfor konsesjonsmyndet om revisjon av konsesjonsvilkår, og kva revisjonsbehov som føreligg i den enkelte saka.

Kvinnherad og Ullensvang kommunar gjekk saman og sendte inn krav til NVE om opning av vilkårsrevisjon for Maurangervassdraget. I Ullensvang var det kommunestyret som formelt stadfesta å be om revisjonen. Kommunestyret fatta fylgjande vedtak 21.10.2020:

“KST- 172/20 Vedtak:

- 1. Ullensvang kommune går i gang med å fremja alminneleg revisjon av Maurangervassdraget.*
- 2. Revisjonen skal ha miljøaspektet i fokus.*
- 3. Revisjonen skal leggja vekt på innkomne innspel frå innbyggjarar, grunneigarar, lag og organisasjonar.”*

Vilkårsrevisjonen vart formelt opna av NVE 25.04.2022, med opningsmøte 13.06.2022. NVE har vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar skal reviderast:

- Kgl.res. av 18.07.1969 – Statsregulering av Maurangervassdragene m.v.
- Kgl.res. av 01.07.2005 – Overføring av Kvangrevatnet og Markkjelkevatnet for utnyttelse i Jukla og Mauranger kraftverker.
- Kgl.res. av 30.03.2012 – Overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet med inntak av 5 bekker i Blådalen, Kvitnadalen og Botnane.

Hovudføremålet med ein revisjon er å betra miljø- og naturforholda ved å avbøta ulemper og negative verknadar ved utbygginga.

Kva vilkår som kan reviderast:

Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Ein kan ikkje endra lengda på

konsesjonen, leggja ned heile anlegget eller endra konsesjonen frå tidsbegrensa til tidsbegrensa. Høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) i magasinerna er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerar mellom desse ulike vasstandane. Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (t.d. sommarvasstand), tersklar/vasspegel, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget m.m.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Verken privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar eller økonomiske krav er ein del av revisjonssaka.

Vurdering:

Ullensvang kommune bad lag, organisasjonar og innbyggjarar om innspel på krav til vilkårsrevisjonen. Krava vart sendt til NVE saman med Kvinnherad kommune sine krav.

Uttalen er vedlagt som eige dokument "*Uttale frå Ullensvang kommune til revisjonsdokument for Maurangervassdraget*". Nedanfor er det opplista dei punkta som uttalen omtalar.

Ullensvang kommune har følgjande krav til vilkårsrevisjonen:

- Kunnskapsgrunnet er for dårleg.
- Nye miljøvilkår må fastsettast i revisjonssaka før ny konsesjonssøknad vert vurdert. Alternativt må dei to utbyggingane få eit felles vilkårssett.
- Rassikring av vegen frå Botsvatn og til Skarvabotn.
- Vedlikehaldsfond Fonnavegen og Botsvatnvegen.
- Rydding av søppel etter utbygging i Skarvabotn.
- Utbetring av turstien langs Dravladalsvatnet som har rast igjen.
- Flaumoverføring Jondalsvassdraget.
- Nettinfrastuktur til Odda. Kraftlinje frå Mauranger til Odda.
- Midlar til ny tunell mellom Austrepollen og Nordrepollen.
- Midlar til gang- og sykkelsti frå Sætveithagen til Jondal.
- Utbetring av vegen mellom Jondalstunnelen og Jondal.
- Minstevassføring frå Skarvabotnvatnet.
- Avbøtande tiltak i Jondalselva.
- Vasstanden i Dravladalsvatnet ikkje skal vera lavare enn 10 m under HRV i juli-september.
- Bru over elva mellom Torsnutvatnet og Revavatnet

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår til at Ullensvang kommunestyret vedtek den vedlagte uttalen, "*Uttale frå Ullensvang kommune til revisjonsdokument for Maurangervassdraget*". Rådmannen meiner revisjonsdokumentet er mangelfullt på ein del viktige punkt, kunnskapsgrunnet er gammalt og utgått. Statkraft har ikkje føreslått tiltak for å avbøta dei skadar og ulemper som er beskriven i revisjonsdokumentet, eller kommentert korleis krava vil bli fulgt opp vidare.

